



Lars P. Haugland.



Haugland. Sjølv seier han: «Eg trivst i bonde-yrket og misunner ingen i andre yrke og «stillingar». Berre eit er leidt — ein får so

Lars Haugland har vore formann i H. ul. i tre år, 1934—36. Han er fødd og boren i Uskedalen, kom til denne verdi 9 juni 1900. Vinteren 1918—19 gjekk han Sunnhordland folkehøgskule der Knut Markhus var styrar. Seinare har han gått eitt og anna kurset ettersom han har hatt tid og interessa. Då han var 16 år gammal døydde faren. Han var den eldste av 6 born og måtte ta seg av heimegarden. Seinare har han levt som bonde på

altfor lite tid til å styrka mange av dei interesser ein har utanom garden. Ein må so ofte «brenna inne» med slikt som arbeider i hug og tankeliv. — Sæl er den som er fullverdig mann i sitt yrke —.

*

Når Hordaland ungdomslag no er 50 år, er det ei gleda å få vera med å bera fram ei helsing til jubilanten. — Mange av dei gildaste minni eg hyser har eg fått fra dei åri eg var med i styret for dette laget.

Og mange av dei kjæraste venene mine fann eg i den frilynde ungdomsflokken. Eg er mykje takksam for at det har laga seg so vel at eg har fått vore med i mykje arbeid som denne ungdomsflokken har huglagt.

So sender eg Hordaland ungdomslag mine beste ynskje for framtid !

Og til Dykk som står i leidingi: De har ei stor og ansvarsfull oppgåva. Å leida dette ungdomslagsarbeidet soleis at det er med å legg livsgrunnlaget for den ungdomen som målmedviten arbeider for si eigi framtid.

Lars Haugland.

Thor Myklebust



er fødd i Uskedalen i Kvinnherad i 1908. Etter ein folkehøgskulevinter og ein tur til sjøss tok han mot farsgarden.

Myklebust har elles drive mykje med bladarbeid. M. a. gav han ut bladet «Folgefonn» i åri før krigen.

Elles har han hatt si største interessa i det frilynde ungdomsarbeidet. I styret for Hordaland ungdomslag kom han med i 1935 og frå 1939 til 1946 stod han som formann i

fylkeslaget, frårekna dei åri nazistane hadde makti. I 1946 vart han vald inn i styret for Noregs Ungdomslag og siste året har han vore varaformann i landssamskipnaden. Eit par år styrde han «Ungdomsteigen» i «Gula Tidend».

*

Når Hordaland ungdomslag no er 50 år og skal gjeva ut eit skrift til denne høgtidi so vil eg gjerne få senda ei helsing. For stemnor, møter, lagsleidarskeid og andre samkomor som eg har fått vore med på i dette fylkeslaget, er millom dei gildaste minne eg har.

Det vil føra for langt å ta med alt som kjem fram i minne, men eg vil gjerne få nemna at første årsmøtet i Hordaland ungdomslag som eg fekk vera med på, hugsar eg sers vel. Det var på Søreide i Fana 1927. Erling Birkeland var formann den gongen, og han leida møtet både greidt og kvikt. På festen laurdagskvelden tala lærar Løkling og Rasmus Hartveit fortalte sognor på

sin lune måte. Året etter vart årsmøtet halde hjå ungdomslaget «Askestrelen» på Askøy. Her vart den trauste bonden, Johs. T. Sandvik, vald til formann etter Birkeland som var reist til Jæren. På dette møtet drøfte vi husflidssaki og sette ned ei nemnd som skulde arbeida med dette spursmålet.

Seinare har eg vore med på dei fleste årsmøte i Hordaland ungdomslag. Og dei har alltid vore gilde og gjevande. Stundom kunde striden vera kvass om sakene som var oppe til avgjerd. Men soleis måtte det vera i ein frilynd samskipnad. Ved at meiningsane fekk brytast — klårna saki, og so kunde ein nå fram til den beste løysing. Og alltid kunde vi skiljast som gode vener når avgjerdi var teki.

I 1939 vart eg vald til formann i fylkeslaget. Og då skriftstyraren serleg bed om minne frå mi eigi formannstid, lyt eg nemna kjøpet av «Unglyden» som vi gjorde i 1939. Det valda ikkje so lite strid og det var mange tunge tak å ta før det endeleg var i orden.

Og so kom krigen — og dei vonde åri. I 1940, 1941 og fram til februar 1942 arbeidde ungdomslagi framifrå godt. Ja, dei vart i mange bygder ein årestad for det nasjonale medvitet som braut på hjå alle gode nordmenn i desse åri. Vi var klåre over at nazistane i lengdi ikkje kunde sjå på dette utan å gripa inn, og i februar 1942 kom inngrepet. No laut arbeidet leggjast ned. Det var ikkje gildt å beda ungdomslagi om å innstilla arbeidet, men det måtte til. Og det var ei gleda for oss som stod i brodden for det frilynde ungdomsarbeidet i Hordaland den gongen, å sjå kor stort fylgje vi fekk utover i einskildlagi. Lagi skyna at det var einaste vegen ein kunde gå, ein kunde ikkje halda fram med arbeidet når rørsla var nazifisert.

Og løni kom i mai 1945. Då kunde arbeidet takast opp att på den gamle grunn.

No vil eg berre ynskja at Hordaland ungdomslag og dei mange

einskildlag som er med i samskipnaden må få gode arbeidsår i tidi som kjem.

Her er arbeidsoppgåvor å ta fat på i alle bygder. D.i vil alltid finnast for den ungdom som noko vil.

Thor Myklebust.